Berre SV imot reguleringsplanen

26.05.2011

Dette er stridens eple - no går saka til departementet for avgjerd

Berre SV var imot då kommunestyret i dag handsama reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen. Hege Lægreid Røssland opplyste at hennar parti ikkje kunne gå inn for omregulering av eit friområde til eit næringsområde. Andre som hadde ordet gjekk sterkt inn for planen og håpa at den vil gå igjennom i høgare instansar

Hans Berge (Sp) tykte det var ein stor ting at det no har vorte semje mellom partane om denne planen.
Bjarne Berge (H) som i eigenskap av ordførar forhandla med partane i si tid sa at det hadde vorte mykje meir semje etter eitpar møter. Berge peika på at dei campingvognane saka gjeld og som fylkesmannen ikkje kan akseptera står på masse som er samla. Deter fri tilgang langs elva.

Kjell Yri (V) sa at dette har vore ein spennande sak i Uskedalen over ein
lang periode. Han berømma Bjarne Berge for god innsats, men peika på at
”freden er skjør” og at det er viktig å gå inn for reguleringsplanen. Også Yri streka under at det er tilgang til friområda.
-Det handlar om næring for to, den eine på gard og den andre
på campingplass,sa han

Av Ola Matti Mathisen